

MØTEPROTOKOLL

--

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd		
Sak frå : 87 / 2019 Sak til: 94 / 2019	Onsdag 13 november 2019	<u>Møtestad:</u> Herdla kyrkjelydshus.

--

Til stades

Medlemer: Kjellaug F Eidsaa, Kjell Berland, Astrid Marie Haugland, Eirin Hansen Berg, Gunnvor Eggebø Næss, Therese B. Ellingsund. Varamedlemer: Meldte forfall: Ivar Eidsaa

Andre frammøtte:

Sak / år:

87/2019: Møteprotokoll frå møte 23 oktober vart godkjent med merknad:

Sak 82: Det skal stå styrerepresentant Ask Omsorgssenter, ikkje kontaktperson.

88/ 2019: Meldingar:

- Presentasjon av barnekoret vårt, litt om Vy-prosjektet som koret samlar inn pengar til.

89/ 2019: Gudstenesteliste:

23/10: kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi etterpå.

27/ 10: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: TV aksjonen 2019. 50 års konfirmanthjubileum. Ansvarleg: Team 2.

03/11: kl.18.00: Allehelgensgudsteneste v/Michal Møgster. Nattverd. Ikkje offer. Ansvarleg: Team 3.

.....
17/11: kl. 11.00: Hovudgudsteneste v/Astrid Marie Haugland.

Dåp/Nattverd. Offer til Stefanusalliansen. Ansvarlig Team 4

20/11: kl. 17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter, v/Astrid Marie Haugland

Nattverd. Kaffe etterpå

01/12: kl. 11.00: Familiegudsteneste v/Astrid Marie Haugland.

Dåp. Offer til eige arbeid. Herdla barnekor, utdeling 4 års bok. Ansvarlig Team 1

90/2019: Evaluering og førebuing av gudstenestene

- Gudsteneste 23/10 var det få som kom.
- Gudsteneste 03/11 var feil prest oppført i Amen.

91/2019: Lys vaken:

Fyrste helg i advent, 30. november til 1. desember. For å få det i Herdla kyrkje, må menigheten ta på seg å skaffe vakt og anna. Dette prøver vi å få til, kontakter foreldre for baking og vakt. Må ha politiattest for å være nattevakt.

92/2019: Misjonsprosjektet:

Leif Heggernes har vært i møte med Kjell og Astrid Marie. Vi ønsker fortsatt å støtte prosjektet hans. Han trengje dei 2000,- som kjem frå menighetsrådet, som han sette stor pris på. Han gjør ein god jobb, har ein heim der 8 gutar bur. Den yngste er 15 år. Frå Leif starta har han hjelpt 60 gutar og nokre jente. Dei fleste har fått utdanning, både advokatar og andre yrke. Vi kan prøve å få til ein givarteneste. Viktig at vi får oppdatering jevnlig.

93/2019: Minnesmerke:

Forslag om minnesmerke av «1 favn stein til kyrkja». Ynskje å laga eit minnesmerke med steinen frå den gamla kyrkja si historie, kvar husbond måtte levera stein. Ein varde kan vere eit godt minnesmerke. Vi tenkje litt på dette, og tar det opp seinare.

94/2019: Eventuelt:

- Gunnvor, Kjellaug, Kjell, Astrid Marie og Eirin møter på kurs for nye menighetsråd
- Team, hva gjør vi. Vi treng fleire dåpsverter, samt i alle fall 3 på kvart team. Det hadde vore fint om vi fekk til 4 team eller fleir.
- Valg vararepresentant fellesrådet: Therese B. Ellingsund
- Vi lager til team og for gudstenestene på Eldresenteret. Therese blir med Kjell 20/11-19. Gunnvor ynskje og å være med på dette.
- Offer for januar og februar. Det norske misjonsselskap 12.01.20, 25.01.20 eget arbeid, 9.02.20 til bibelselskapet. Resten av offerera tar vi på neste møte.
- Fastsette datoar for årsmøte, sokneråd og andre spesielle dagar på neste møte.
- Sjøvegen til kyrkja. Bispedømme ynskje i samarbeid med båtar, kome til ulike kyrkjer i løpet av året. Ynskje at Herdla er med på dette, ei gudsteneste, gjerne med litt historieforteljing etterpå.

Møte i desember: onsdag 11 desember kl.19.00

Nordre Haugland, 14. november 2019.

Therese B. Ellingsund.

Referent.